



Smartcon AS
Ytrebygdsvegen 37
5251 SØREIDGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8823 - 20/26757

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
12.05.2020

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - gbnr 134/141 Hilland

Tiltak: Dispensasjon frå byggegrense mot veg
Byggestad: Gangstøvegen 20, 5911 Alversund
Tiltakshavar: Tom Helge Larsen
Ansvarleg sækjar: Smartcon AS v/Helge Løseth

Sakutgreiing:

Informasjon om saka:

Smartcon AS sækjer, på vegne av tiltakshavar Tom Helge Larsen, om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for basseng/terrasse. Tiltaket er bygd for ein del år siden utan at dette var omsøkt. Smartcon AS skal nå sækje kommunen om godkjenning av tiltaket slik at tiltakshavar ikkje må rive dette.

Vurdering/drøfting:

Etter det Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning forstår, er terrasse og basseng etablert utan at tiltaka er omsøkt. Det vert nå søkt om dispensasjon frå byggegrense mot veg for terrasse. Minste avstand mellom næraste del av terrasse og vegmidt kommunal veg er opplyst til å være 12.1 meter.

Det er, per dags dato, ikkje sendt inn søknad om løyve til etablering av basseng og terrasse etter plan og bygningslova. Det ligg heller ikkje føre søknad om utsleppsløyve for avløpsvatn frå basseng (gråvatn). Avløpsvatn frå basseng skal ikkje førast inn på kommunalt avløpsnett, men skal førast til sjø via overvassnett.

Når ein abonnent på vatn og avløpstenester gjer endringar på privat anlegg som medfører auke i vassforbruk skal ein innhente godkjenning frå kommunen. Alver kommune kan ikkje sjå at slik godkjenning er gitt. Ved etablering av basseng får ein krav om installering av vassmålar på hovudinntak for vatn. Viser til administrative bestemmelser pkt 2.2 og 3.11. I tillegg vert det sett krav om montering av tilbakeslagssikring ihht NS EN 1717.

Samandrag/konklusjon:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning vil gje dispensasjon frå byggegrense mot veg – gbnr 134/141 på vilkår.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Vedtak:

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gjev dispensasjon frå byggegrense mot veg på gbnr 134/141. Løyve vert gitt med heimel i Veglova § 29 og på følgjande vilkår:

- Minste avstand frå næraste del av tiltak og midt kommunal veg skal være minimum 12,1 meter.
- Ei føresetnad for dispensasjonen er at det vert gitt byggeløyve for heile tiltaket (basseng og terrasse) etter plan og bygningslova.
- Basseng er ei del av terrassekonstruksjonen. Delar av bassenget ligg innanfor byggegrense mot veg. Da det for basseng er krav om installering av vassmålar og tilbakeslagssikring, sett Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning vilkår om at det skal ligge føre godkjent ferdigmelding for installering av vassmålar og tilbakeslagssikring.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11.

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Smartcon AS

Ytrebygdsvegen 5251

SØREIDGREND

37